

Årsrapport for Strandebarm Sokneråd for året 2017

Faste medlemmer i soknerådet: Anne Marie B Berge (leiar), Siv Ljones (nestleiar), Olav Tombre (skrivar), Brita Kolltveit (kasserar) Torill Gjerde, Åse Sandnes Fosse, Kristian Neteland, Anne Kristin Aasen Gjerstad og sokneprest Roar Strømme.

Varamedlemmer: Gunn Bjørg Håland Thorbjørnsen, Vigdis Bru Haugarvoll, Linn-Jeaneth Strømmen, Ketil Karlsen, Lillian Hjartåker Fosse

Soknerådet sine representantar i Kvam Kyrkjelege fellesråd (KKF): Olav Tombre og Kristian Neteland.

Varamedlemmer: Brita Kolltveit og Siv Ljones

Kontaktpersonar for trusopplæring: Åse Sandnes Fosse og Anne Kristin Aasen Gjerstad

Tretti personar var med på årsmøtet torsdag 9. mars i kyrkjelydshuset. Før møtet hadde Anita Stave ei flott biletfamsyning av eigne bilete frå Strandebarm. Leiar las opp årsrapporten for 2016 og Torill Gjerde framla revidert rekneskap. Ingen merknader.

Soknerådet har hatt 5 møter og 37 saker er handsama.

Litt frå årsstatistikken (fjoråret i parentes)

Gudstenester: **24** (24) Andaktar/gudstenester på Strandebarmsheimen **15** (18)

Døypte: **13** (13) Konfirmerte: **20** (21) Vigsel: **4** (3) Gravlagde: **14**(14)

Samla offer var **kr.64 506** (kr.72 107). Offer til kyrkjelydsarbeidet var **kr 19.614** (kr.21 071).

Arbeidet i kyrkjelyden og kyrkja:

Babysong: I år har dette ikkje vore i Strandebarm, men det vart sendt invitasjon til å vera med i Norheimsund.

Krølletreff (3 åringer):

Torsdag 4. mai var det samling i kyrkja og kyrkjelydshuset, og mange møtte opp. I tillegg til song, bibelforteljing og leiting etter eit koselam inne i kyrkja, fekk borna også treffa eit ekte lam. Samlinga vart avslutta med graut i kyrkjelydshuset

4-års bok

Borna fekk utdelt boka på gudstenesta og veka før var borna og føresette med på ei samling i kyrkja/kyrkjelydshuset.

6-års bok

Boka vart utdelt same sundagen som 4.åringane fekk si bok. Men 6-åringane hadde si eiga samling i veka før. Der fekk dei syngja, tenne lys, høyre bibelforteljing, ha ulike aktivitetar og felles måltid.

Samarbeid med barnehage og skule Før påske- og julehøgtida inviterte kyrkjelydspedagogen barnehagane til kyrkje med tilrettelagt program. Og tradisjonen tru, var det også dette året skulegudsteneste.

Gudstenestene. Oppmøte på gudstenestene i kyrkja har variert mykje, frå 485 på konfirmasjonssundagen til 16 på ein sommarsundag. Tilsaman har over 2 200 vore med på gudstenester.

Konfirmantarbeidet: Konfirmantane har deltatt på fleire gudstenester både med tekstlesing og lysbering. Dei gjorde ein stor innsats med innsamlinga til Kirkens Nødhjelp (fasteaksjonen). Dei fleste var med på ein leir i lag med mange andre konfirmantar i påskehelga. Ca. ein gong i månaden har dei samlingar med presten og kateketen.

Fest for konfirmantane med føresette: Soknerådet ordna med Taco, kaker og litt underhaldning og mange sette pris på denne festen

Konfirmantjubileumet hadde også i år godt oppmøte

Andre arrangement dette året: Ida Helland-Hansen var ferdig kunstverket i salen og det vart markert med ein fin fest. Så no er kyrkjelydshuset ferdig. Temakveld om «Musikk som terapi» ved Hallgeir Åse og Helena Solberg samla også mange.

Lys på kyrkjevegen: Soknerådet/kyrkjeverje har arbeidd for å få veglys på kyrkjevegen og parkeringsplassen. Det blei ordna med eit spleiselag (kommunen, fellesrådet, soknerådet og Kyrkjelydshuset).

Måling av våpenhuset er ikkje kome i gang fordi Riksantikvaren hadde innvendingar til forslaget. Soknerådet har no fått tatt fysiske prøvar av alle dei ulike laga med måling i våpenhuset og kyrkjeskippet. Resultata er sendt til bispekontoret. I tillegg har Ida Helland-Hansen skreve ei grunngjeving for fargevalet og fellesrådet har gått inn for å nytta linoljemåling.

Mønekjølar på kyrkja vart ikkje måla denne regnvåte sommaren

Kyrkjelydshuset: I kyrkja sitt arbeid har huset vore brukt ca. 50 gongar. I tillegg vart huset brukt til minnesamvær, dåpsfestar, konfirmasjonsfestar, julefest (arr. Oma Kvinne- og familielag) og av ulike lag/organisasjonar. Tilsaman har det vore over 80 samlingar der.

Kyrkjebladet har som vanleg kome ut med 4 nummer. Vi takkar redaksjonsnemda og alle som støttar kyrkjebladet.

Kyrkjeleg tilsette i 2017

Sokneprest i Strandebarm og Vikøy: Roar Strømme

Sokneprest i Øystese og Ålvik: Lars Arne Vik

Seniorprest: Dag Endre Hansen

Kyrkjeverje: Olav Skeie Lid

Kyrkjetenar: Monica Sørstrømmen Skogvoll Vikar: Halvard Laupsa

Organistar: Margrete Lid Kjosås og Sevinj Asgarova

Vikarar frå 1. august 2017: Torgeir Solsvik og Nancy Sangolt

Kateket: Marna Roer

Kyrkjelydspedagogar: Solveig Lønning Sangolt (fast tilsett frå 1. aug)

Kontorsekretær: Anne Kari Sørheim

Klokkar: Torill Gjerde

Gravar/kyrkjegardsarbeidar: Thor Erik Eitrheim Aga Frå 1. nov Heine Ugletveit, fast tilsett

Avslutning

I løpet av dette året er det svært mange (over 4000) som har vore innom kyrkja både i glede og sorg, på gudstenester og andre samlingar. I tillegg kjem dei tilstellingane kyrkja har hatt på Strandebarmsheimen og i Kyrkjelydshuset.

Strandebarm sokneråd har fått mange gode tilbakemeldingar på det arbeidet dei tilsette gjer i trusopplæringa. Det er vi svært takksame for. Takk også for godt samarbeid med alle dei tilsette.

Vi vil også takka foreldre/føresette og andre frivillige som deltek på ulike måtar.

Strandebarm 20.02.1018

Anne Marie Bogetveit Berge (leiar)

